



Rustne Menn. F.v: Hans Gustav Musssland, Kristian Bringedal, Svein Rimestad, Tore Nordahl Pedersen og Reidar Myklebust.

Musikk- og songgruppa Rustne Menn gjesta Rehab avdelingen på Husnestunet i går med konsert og ei gild sosial stund saman med tilsette og brukarane. Ein av medlemene i gruppa, Reidar Myklebust, er brukar. Han set pris på besøk og er med i framføringane med rytme og verbale innslag.

Etter middagen, kveld og TV sendinga frå 10 km kvinner i Seefeld var vi alle klar for å samlast i dagstova. Nokre pårørande hadde fått dette med seg og kom og var med på allsongen. Andre hørde lyden og kom til frå andre avdelingar. Bruk av rytmeinstrument fungerer godt.

Reidar Myklebust har ved mange høve framheva verdien av musikk, rytme og ei god helse. Dei som ville det, fekk difor utlevert ulike typar rytmeinstrument og kunne vera aktive i konserten.

Songane er valde ut med bakgrunn i gjenkjenning og at dei kling godt ved framføring. Rustne Menn var fulltalige i går med to på trekkspel, to på gitar og ein på bass. Alle syng.

Det neste oppdraget av dette slaget er på Rosendalstunet 9. april.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Marius Mathisen



Rustne Menn - ei gruppe for venskap, rytme, musikk og godt humør.